

Rapport

«Leik og moro 1.-2. trinn i haustferien»

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane? *15 born var påmeldt, 14stk møtte (mor hadde misforstått dag, trudde barnet skulle tysdag)*

2. Kor mange assistenter deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?
Det var 2 assistenter frå VGS som jobba 3,5t kvar

3. Kva var innhaldet i kurset?
Kurset handla om å vere i fysisk aktivitet på ulike måtar, f.eks gjennom leik og samarbeid. Ungane fekk teste ulike former for aktivitet, f.eks leikar, bevegelse til musikk, yoga, teste ut treningsapparater me har på senteret, etc. Me hadde også felles lunsj med tomatsuppe!

4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?
Tilbakemeldingane me fekk var positive. Dei syns det var kjekt.

5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?
Me ynskjer at dei skal sitte igjen med ein opplevelse av å ha fått gjort noko anna ein dag, prøvd noko nytt. At dei kan kjenne på det å leike og herje, vs. Roe ned og kjenne etter. Me ynskjer at dei skal få eit godt forhold til aktivitet, og at dei skal sjå at det er gøy både for born og vaksne. Me vil også at dei skal føle seg ivaretatt, sett og inkludert.

6. Kva erfaringar har de gjort dykk med kurset? Kva fungerte bra, og kva kunne ha vore løyst annleis (òg med tanke på kommunen si rolle)? Kan de tenke dykk å delta på dette fleire gangar om muligheten er der? *Me syns det gjekk veldig bra, og det var kjekt å vere saman med borna. Denne gongen testa me ut å dele gruppa i fleire små grupper deler av dagen, og deretter lot dei rullere. Det fungerte veldig godt, og er ein erfaring me vil ta med oss om me skal gjere dette igjen. Me vil absolutt delta på dette om moglegheten byr seg på eit seinare tidspunkt.*

7. Andre kommentarar

Send gjerne bilder om du har teke nokre!

Bilder kan ein sjå på vår Facebookside Nr1 Fitness Osterøy